



## SAKSFRAMLEGG

Saksnr:	Utval:	Dato
76/2022	Formannskap/plan- og økonomiutvalet	27.09.2022

Sakshandsamar:	Arkiv:	ArkivsakID
Tore Henrik Øye	FE-223, FA-K40	22/308

### HANDSAMING AV SØKNAD OM TILSKOT FRÅ KOMMUNALT VILTFOND TIL OPPSETJING AV HJORTEGJERDE RUNDT GRASENG PÅ GBNR. 58/2 OG 15, LAVIK I EKSINGEDALEN

#### Vedlagte saksdokument:

Søknad om viltfondsmidler til oppsetjing av hjortegjerde på Lavik i Eksingedalen, gbnr. 58/2 og 15.

Timeliste\_oppsett\_Hjortegjerde Lavik\_vår-2021

#### Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Viltnemnda, ved Formannskap-/plan og økonomiutvalet (FPØ), løyver inntil kr. 50 000,- eks. mva. i viltfondsmidler til heimelshavar Anita Furevikstrand Seim for oppsetjing av kring 600 meter med hjortegjerde på gbnr. 58/4 og 2 Lavik i Eksingedalen, som tiltak mot hjorteskarar på graseng.

Vedtaket er gjort med heimel i Forskrift om kommunale og fylkeskommunale viltfond og fellingsavgift for elg og hjort § 5, jf. § 1, og vedtektene for kommunalt viltfond pkt. 5.

Tilskotet er løyvd ut frå kr. 119 009,- i godkjend kostnad, med 42 % i finansiering. Lågare dokumentert kostnad kan gje lågare tilskot.

Årleg ettersyn og vedlikehald av gjerdet vert sett som vilkår for tilskotet.

Tilskotet vil bli utbetalt til søkjar sin bankkonto etter oppmoding om sluttutbetaling.

#### Saksopplysningar:

##### Samandrag/konklusjon (kort om saka)

Viltfondet skal fremje viltforvaltning, kunnskap om viltet, jaktorganisering mv. i kommunen, jf. vedtektene pkt. 5. Formannskapet/plan- og økonomiutvalet (FPØ) utgjer viltnemnda, og tildeler tilskot etter innstilling frå Kommunedirektøren.

Anita Furevikstrand Seim søker om tilskot frå kommunalt viltfond til oppsetjing av om lag 600 meter med hjortegjerde kring om lag 30 daa med dyrka mark på gbnr. 58/2 og 15 Lavik i Eksingedalen.

Føremålet med tiltaket er å hindre/reducere beiteskarar frå hjort på graseng.

Tiltaket er kostnadsrekna til kr. 119 009,- eks. mva., inkludert innkjøp av materiell og verdien av eige arbeid. Faktiske kostnader er dokument gjennom faktura, medan eigeninnsatsen går fram av daglege timelister, jf. vedlegg til søknaden.

Viltfondet i kommunen kan nyttast til å førebyggje og hindre hjorteskadar på innmark. Fondssaldoen var kr. 644 000,- per 01.08.22. Bunden kapital skal vere kr. 100 000,-. Det soleis kr. 544 000,- tilgjengelig for tildeling. Det vert teke atterhald om endring i fondskapital.

Kommunedirektøren går inn for å løyve kr. 50 000,- i tilskot til tiltaket, som utgjer 42 % finansering av godkjend kostnad.

### **Bakgrunn for saka**

I søknad av 03.07.22 søkjer heimelshavar Anita Furevikstrand Seim om tilskot frå kommunalt viltfond til å dekkje kostnader med oppsetjing av om lag 600 meter med hjortegjerde kring om lag 30 daa fulldyrka mark på gbnr. 58/2 og 15 Lavik i Eksingedalen.

Hjortegjerdet vart sett opp som følge av svært høg tettleik av hjort i området, med store beitskadar og påfølgjande tap av avling og økonomi. I dette høvet er føremålet med tiltaket å skjerme grasenga, og å hindre/reducere skadepresset frå hjort.

Ved oppsetjing vart det nytta 2,1 meter høgt nettinggjerde og impregnert staur med kring 1-2 meters avstand. I tillegg vart det sett opp støtte ved behov. Grindane er omlag 2 meter høge.

Tiltaket er kostnadsrekna og dokumentert til kr. 119 009,- eks mva, etter følgjande fordeling:

- **MATERIELL**
  - Stolpar og krampar kr. 29 209,-
  - Gjerdenetting kr. 9 200,-
  - Byggjerde/grindar kr. 3 200,-
  - SUM** kr. 41 609, -
  
- **ARBEIDSKOSTNADAR/EIGE ARBEID**
  - Arbeid med gravemaskin/traktor; 67 timar, a kr. 300,-/t. kr 20 100,-
  - Manuelt arbeid; 191 t, a kr. 300,-/t kr 57 300
  - SUM** kr 77 400, -

Innkjøpet av materiell utgjer 35 %, medan 65 % er knytt til verdien av eige arbeid. Meterprisen for gjerdet vert kring kr. 200,-.

Søklar opplyser at tiltaket er gjort i samarbeid grunneigarar og leigetakarar på naboieigedomar, slik at det samla sett er gjerda inn om lag 200 daa med dyrka jord.

Det vert søkt om maksimalt tilskot i høve til regelverket.

### **Formelt grunnlag:**

- Forskrift om kommunale og fylkeskommunale viltfond og fellingsavgift for elg og hjort.
- Vedtekter for kommunalt viltfond, vedteke av kommunestyret 17.12.01, jf. sak 0116/01.

## Vurdering og konsekvensar:

### Om tiltaket

Beiteskadar frå hjort på dyrka mark er eit utbreidd problem i Eksingedalen, mellom anna på Lavik, som har store, samanhengande engareal i aktiv drift. Her samlar det seg mykje hjort på innmarka i sommarhalvåret, der høgt beitepress og opptrækking av enga gjev reduserte avlingar og økonomiske tap for gardbrukarane.

Grunneigarar og leigetakarar på Lavik har gått saman om å etablere hjortegjerde rundt store engareal på staden, som tiltak mot hjorteskadar, mellom anna på eigedomane til søkjar. Her er det lagt ned stor innsats, både økonomisk og arbeidsmessig, for å skjerme innmarka og grasavlingane.

Kommunedirektøren ser på gjerding som eit effektivt og verknadsfullt tiltak mot hjorteskadar. Tiltaket samsvarer også med statlege forventningar om at gardbrukarane gjer aktive grep for å førebyggje og hindre skadar frå hjort.

Gjerdet som er sett opp på Lavik, er i tråd med faglege råd om hjortegjerde, og vert vurdert som eigna til å halde hjorten vekk frå innmark.

Vedlagt dokumentasjon av kostnader og arbeidsinnsats vert sett på som tilstrekkeleg vurderingsgrunnlag. Oppgjevne utgifter vert vurdert å vere relevante for tiltaket, og i tråd med kommunen sine satsar for eige arbeid. I dette høvet vert godkjend kostnad sett til kr. 119 009,-, som samsvarer med oppgjewe beløp i søknaden.

### Tildeling av fondsmidlar

I følgje Forskrift om kommunale og fylkeskommunale viltfond mv § 5 punkt a), kan kommunen sitt viltfond nyttast til tiltak som førebyggjer og reduserer skadar som hjortevilt påfører landbruksnæringa. Vedtektene til fondet nemner ikkje hjortegjerde spesielt, men seier at tilgjengelege fondsmidlar kan nyttast til å fremje viltforvaltning, jaktorganisering mv. i kommunen, jf. punkt 5. Kommunedirektøren vurderer i dette høvet at tiltaket ligg innanfor fondsføremålet, og går inn for å tildele midlar frå fondet. Grunngevinga tek også utgangspunkt i god effekt av tiltaket.

I følgje vedtektene for viltfondet, punkt 4, skal grunnkapitalen til fondet vere kr. 100 000,- (bunden kapital). Midlar ut over dette, er fondsmidlar som kan nyttast til aktuelle tiltak. Fondet sin saldo per 01.08.21, er kring kr. 644 000,- (atterhald om endring). Det er soleis tilskotsmidlar tilgjengeleg.

Korkje statleg forskrift eller kommunen sine vedtekter seier noko om finansieringsgrad ved tildeling av viltfondsmidlar til ulike tiltak. Det er heller ikkje fastsett noko fast søknadsfrist, eller krav om at tiltaket ikkje må vere byrja på før løyving av tilskot. I dette høvet meiner Kommunedirektøren at tiltaket bør ha blitt starta opp eller gjennomført nyleg, som er tilfelle i gjeldande sak. Elles er det i vurderinga teke høgd for andre innkomne søknadar til fondet, og at det kan kome inn fleire i løpet av året. Handlingsrommet vert i denne samanheng vurdert som tilstrekkeleg for å tildele midlar til tiltaket. Det skal òg nemnast at viltfondet får tilført årleg kapital frå fellingsavgifter etter kvar jaktseong (hjortejakta).

Med bakgrunn i søknaden, tiltaket sin karakter og vurderingane ovanfor, går Kommunedirektøren inn for å løyve inntil kr. 50 000,-, som utgjer 42 % av godkjend kostnad:

- kr. 119 009,- i godkjend kostnad (eks mva) x 42 % i tilskot : 100 % = **kr. 50 000,-**.

Framlegget til tilskot utgjer kring kr. 8 500, -meir enn faktiske utgifter til innkjøp av material. Dette vert knytt til den relativt store verdien av eigeninnsats som ligg til grunn, mellom anna ved bruk av maskinelt utstyr.

Tilskotet utgjer om lag kr. 83,- per meter med gjerde.

Kommunedirektøren si innstilling vert sendt over til FPØ (viltfondet) for endeleg avgjerd.